

**PIPE OG ELDSTAD**

Søknaden sendes til:

Sogndal kommune

Postboks 153

6851 SOGNDAL

**ByggSøk**

Det blir tilrådd å bruke nettbasert søknad gjennom ByggSøk-bygning ([www.byggsok.no](http://www.byggsok.no)). Systemet er gratis, og du får rettleiing om utfylling undervegs. Ved å bruke ByggSøk får du samstundes ein betre kvalitetskontroll av søknaden.

**Kva er søknadspliktig?**

Frittliggende utepeis minst 4 meter frå nabogrense.	Kan førast opp utan søknad føresett at det ikkje fører til fare eller urimelig ulempe for omgjevnadane.
Reinstallering <sup>1)</sup> og reparasjon av eldstad.	Kan gjennomførast utan søknad.
Installering av ny eldstad og andre tiltak som gjeld eldstad <sup>2)</sup> .	Kan førast opp utan søknad dersom arbeidet vert kontrollert av kvalifisert kontrollør <sup>3)</sup> .
Andre arbeider knytt til pipe og eldstad	Søknadspliktig

- 1) Med reinstallering vert meint eldstad som vert teken ut og deretter plassert på same stad, og dessutan i same røykløpsinnføring.
- 2) Med andre tiltak som gjeld eldstad vert meint bl.a. oppføring av brannmur, innmuring av pipestuss, friluftstilførsel, fundamentering av peis og andre arbeider som er nødvendig for å installere ein eldstad.  
NB! Frå 01.07.2010 blir installering av nyt eldstad søknadspliktig.
- 3) Det er tiltakshavar som har ansvar for å sjå til at kontrolløren er kvalifisert og for at eldstaden er i samsvar med krav i teknisk forskrift.

**Søknad skal innehalde:****Søknad etter plan- og bygningslovens § 20-1**

- Søknad må sendast inn av føretak som kan godkjennast som ansvarleg søkjar, evt. tiltakshavar med ansvarsrett som sjølvbygger.

**Komplett søknad i 1 eksemplar skal innehalde (jf. SAK 10 § 5-4):**

Søknadsblankett inkl. ansvarsrett for søkjar 5160*	NBR nr. 5174*, 5175*, evt. 5159* og
Kopi av nabovarsel. Søknaden skal ikkje sendast inn før frist for nabomerknader er gått ut. Nabovarsel er ikkje nødvendig for innvendige arbeider.	NBR nr. 5155
Evt. merknadar frå naboar, med utgreiing for korleis desse evt. er teke omsyn til.	
Situasjonsplan. Krevjast berre for utvendige tiltak. Kartet må være av ny dato og kan bestillast hjå kommunen.	
Teikningar/Utgreiing. Planteikning i målestokk, f eks. M 1:100 og utgreiing/monteringstilvisning for installasjonen.	
Gjennomføringsplan med oversikt over ansvarsområde inndelt i godkjeningsområder og etter tiltaksklasser, kontrollområder, ansvarlige føretak og gjennomføring av oppgåvene.	NBR nr. 5185*
Søknad om ansvarsrett for prosjektarende, utførande og evt. kontrollerande med relevant dokumentasjon.	NBR nr. 5181* og evt. 5159* og 5160*
Uttale eller vedtak frå andre styresmakter (vegstyresmakt etc.)	



**PIPE OG ELDSTAD**

Evt. søknad om dispensasjon\*.

Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det kravd grunngitt søknad, jf. pbl § 19-1 Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje naudsynt dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå aktuell nabo

*\* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning*

**NB! Eigar skal melde frå til den kommunale brannstyresmakta (feiarvesenet) når ein har installert ny eldstad eller gjennomført andre vesentlege endringar ved fyringsanlegget.**

*Sjå bakside ⇒*

**Når kan arbeidet ta til?**

Arbeidet kan ta til 3 veker etter at søknaden er motteken i kommunen dersom følgjande vilkår er ivareteke (jf. pbl § 21-7):

- Arbeidet er i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av pbl (ingen dispensasjon).
- Det ligg ikkje føre merknader frå naboar eller gjenbuarar.
- Det er ikkje nødvendig med ytterligare løyve, samtykke eller uttale frå anna styresmakt.
- Kommunen har ikkje gjeve melding om forlenga saksbehandlingsfrist, jf. SAK 10 § 7-3.

Dersom desse vilkåra ikkje er oppfylt, kan ikkje arbeidet ta til før det ligg føre skriftleg løyve frå kommunen. Det blir tilrådd å ta kontakt med kommunen før oppstart.

**Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er gitt bruksløyve eller ferdigattest.**

